

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 15/334-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

1821/15

Dykkar ref.**Dato**


LEIKANGER, 16.01.2015

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk i Bremanger kommune

NVE ber om innspel til vurdering av konsesjonsplikt for ein søknad frå Firdakraft AS ang. bygging av Insteelvane kraftverk i Bremanger kommune. Firdakraft ønskjer å utnytte fallet frå eksisterande inntak i Insteelvane og Midtelva/Kringsjåvatn til Bjørndalsvatnet ved å sett trykk på den eksisterande overføringstunnelen frå desse inntaka. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved Bjørndalen kraftstasjon, og tiltaket vil auke kraftproduksjonen i vassdraget med ca. 13 GWh. Firdakraft AS er ein del av konsernet Sogn og Fjordane Energi AS.

Dette er eit opprustings – og utvidingsprosjekt i eit område som frå før er prega av vasskraft-utbygging. Selskapet har gjennomført liknande tiltak tidlegare, m.a. Dauremål kraftverk og Bjørndal kraftverk.




Oversyn over noverande utbyggingar i området.

Det er planlagt ny sperredam ved inntaket i Insteelvane med heving av vasstandsni vået til to meter over normalvasstand eller ein meter over flaumvasstand. Bak den nye sperredammen vil det bli eit vassdekt område på 3,4 dekar. Grunngevinga for bygging av ny sperredam er at inntaket til sjakta/tunnelen ned til Bjørndalsvatn må settast under vatn. Nede ved Bjørndalsvatn er det planlagt 600 meter rørgate gravd ned langs eksisterande veg mellom tunnelen og den planlagde kraftstasjonen. Det må byggast 150 meter ny veg til kraftstasjonen. Totalkostnaden for

prosjektet er 45 mill. kr. og utbyggingsprisen for ny netto kraftproduksjon (når redusert produksjon i Bjørndalen kraftstasjon er trekt frå) vert 3,62 kr/kWh.

Det er ikkje krav om minstevassføring i dei gjeldande konsesjonane i området. Tiltaket vil ikkje føre til endringar i vassføringa nedstrøms inntaket. Vatn som ikkje vert brukt i den nye kraftstasjonen, vil bli ført til Bjørndalsvatnet som i dag. Det nye kraftverket vil nyttiggjere seg ca. 90% av totaltilsiget.



Bildet viser fossane frå Hjortestigsvatnet. Noverande sperredam viser så vidt saman med inntaket. Inntaket står fram som ein grå firkant. Ny sperredam er vist som raud strek. Desse fossane er omtalt som eit viktig landskapselement i fylkeskommunen sin regionale plan. Tiltaket får ikkje konsekvensar for fossane.

I søknaden er konsekvensane av tiltaket for landskap, brukarinteresser og kulturminne vurdert slik:

Landskap

Tiltaksområdet ligg i grensa mellom kategorien midtre bygder på Vestlandet og breane, jamfør nasjonalt referansesystem for landskap (Puschmann 2005). Landskapet i området kan seiast å ha stor verdi, men er tydelig prega av vegar og vasskraftreguleringar med tilhøyrande infrastruktur. I regional plan for vasskraft er to fossar i elva oppstraums inntaket i Insteelva peika på som viktige landskapselement. Gjennomføringa av tiltaket vil ikkje endre verdien av desse. Imidlertid vil ein gjennom bygginga av ny sperredam få eit nytt landskapselement i det det vassdekka arealet ved inntaket vert fordobla. Den estetiske endringa i landskapet er liten sidan sperredammen vil vere relativt låg og noko tilbaketrekt/lite eksponert frå fjordsida. Det vassdekka arealet kan sjåast på som eit positivt element i landskapet. Tiltaket vil ikkje redusere arealet av inngrepsfri natur/INON.

Brukarinteresser

Tiltaksområdet er eit lokalt-, regionalt og nasjonalt viktig friluftsområde (jamf. fylkesatlas.no, fylkesdelplan for arealbruk). Tiltakshavar sin private veg frå Åskåra kraftstasjon via Gjegnalunden til Øksendalsvatnet og vidare til dam Bjørndalsvatnet vert nytta for tilkomst inn i området (stengt med bom, men grunneigarar har nøkkel). Dei vanlegaste turmåla i området er Bukkenibba og Blånibba/Gjegnen. Det foregår noko fiske og jakt i området. Me meiner gjennomføringa av tiltaket ikkje vil redusere området sin verdi for brukarane.

Kulturminner

Det er ikkje registrert kulturminner i tiltaksområdet (jamf. fylkesatlas.no, kultur og historie og innhenta lokal kunnskap).

Fylkeskommunen har ikkje merknader til den framlagde planen og konsekvensvurderingane som gjort. Øksendalsvassdraget har sidan 1950-talet vore prega av anleggstiltak og reguleringar for vasskraftproduksjon. Dei nye tiltaka som er framlagt i planen, vil marginalt auke den samla påverknaden i området. Vi vurderer difor tiltaket som ikkje konsesjonspliktig.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

NVE Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO